

## **Spørsmål til spørjetimen 21. mars 2018**

I sak 40/2017 Rekneskap og årsmelding 2016(10. mai 2017) vedtok kommunestyret dette tilleggsframleggget frå Meland AP:

*Kommunestyret ønskjer å bruke delar av overskotet til anleggsbidrag til breiband, fiber og mobil. Kommunestyret ber rådmannen ta kontakt med utbyggjarar av breiband, fiber og mobil, og komme tilbake med ei sak om korleis kommunen kan bidra til å bygge ut i område som i dag ikkje har breiband/fiber og mobil.*

*Kommunestyret vil på eit seinare tidspunkt avgjere i kor stor grad kommunen kan bidra økonomisk til dette.*

Og i sak 117/2017, som omhandla budsjettet for 2018 (13. desember 2017), vedtok kommunestyret eit verbapunkt som vart kalla *kommunalt anleggsbidrag*:

*Kommunestyret viser til vedtak i sak 40/2017, der det vart vedtatt å gi kommunalt anleggsbidrag til utbygging av fiber, breiband og mobil. Vi ber om at bruk av kommunale midlar blir lagt inn i t.d. søknad om Nkom-midlar. Kommunestyret vil komme tilbake til storleiken på eit slikt bidrag.*

Fristen for å søkje på årets Nkom-midlar nærmar seg, og vi forstår at det også er komme nye retningslinjer for desse midlane. Men kommunestyret har enno ikkje fått ei sak slik vi ba om i mai 2017. Vi har difor eit spørsmål som vi ønskjer svar på:

Har det vore kontakt med utbyggjarar av breiband og fiber (og ev. mobil) for å gjere seg kjent med korleis kommunen kan bidra til utbygginga av dette?

- Tormod Skurtveit, Arbeiderpartiet